



OSTERØY  
MUSEUM

M U  
H O



Årsmelding 2021

Dette året har strategiarbeidet i MUHO peika ut mål og retning for vidare utvikling ved avdelinga og definert tre viktige strategiprojekt:

**1.Bygningsvernseier.**

**2.Nytt publikumsbygg.** I samband med dette er det også inngått samarbeidsavtale med Osterøy sogelag som sikrar 1 000 000 i delfinansiering av første byggesteg.

**3.Utvikling av museet som kunnskapsressurs innan handverk og tekstil.** Eit viktig grunnlag for å gå inn i dette arbeidet er utviding av stillinga som tekstilhandverkar til 100% frå 1.4.2022.

Det er også etablert eit EØS-samarbeide med aktørar i Slovenia og søkt prosjektmidlar for eit 3 årig prosjekt. Dette vil starte i 2022, om det får tilskot, og styrke vår digitale satsing.

Pandemien har prega arbeidet også dette året. I periodar har arrangement vorte avgrensa, eller utsett og besøket er redusert m.a. fordi antal grupper har vore svært lite og det ikkje har vore større arrangement. Smittevernregiment har også konsekvensar for det frivillige nettverket kring museet, som har hatt ferre møtestader. Det har likevel vore ein stor frivillig innsats knytt til museet gjennom dokumentasjonsarbeide i Åkleprosjektet og innsats i Osterøy museumslag og Arna sogelag. Det er også positivt å fornya samarbeidet med Osterøy husflidslag om sommarskule og aktivitetar for barn og unge.

Det har vore arbeid mot Miljøfyrtårnsertifisering av avdelinga. Osterøy museum har fått godkjenning som Miljøfyrtårn f.o.m. 7.1.22.



## FORMIDLING

Den tradisjonelle tekstil- og materialkunnskapen er grunnlaget for berekraftig forbruk og dette står difor sentralt i alle kurs og undervisningsopplegg der tekstile teknikkar vert formidla. Dette året t.d. gjennom vevkurs, undervisning på høgskulenivå og grunnskule. Det er også tematikk i samarbeidet med kunstnarane Maia Birkeland og Monika Mørck.

### Utstilling

**Sommarutstillinga** var ei fotohistorie om utbygging av **Herlandsfossen kraftverk** 1916-1919. Museet har ei fin samling dokumentasjonsfoto frå perioden som det no vert arbeidd med å digitalisere og gjera tilgjengeleg på Digitalt museum.

I samarbeide med Havå og kunstnarane Maia Birkeland og Monika Mørck:

**Kunstnarsamtale**, på Galleri Format Oslo, 9.6., og utstilling ved Format og Hordaland Kunstnarsenter, som hadde grunnlag i gjesteopphald ved musea og utstilling på Osterøy museum i 2019.. <https://www.format.no/maiabirkelandogmonikamorck>.

Verk frå utstillinga er kjøpt inn av Oslo kommune og Mørck har motteke pris for verk i utstillinga.

### Undervisning

Under Korona-restriksjonane er det gledeleg å kunne ha gjennomført undervisningstilbod til grunnskulen og sommarskuletilbod der elevande fekk fordjupe seg i ein tekstil teknikk. Dette året er det også utvikla og gjennomført undervisningsmodular for høgskule innan tekstil- og kunst-fag.



*I samarbeide med Osterøy Husflidslag vart det gjennomført 2 tilbod under sommarskuleprogrammet. Kurs i «vikingvev» og «Redesign» gjekk over 3 og 4 dagar med gode tilbakemeldingar frå engasjerte unge deltakarar.*

## FORVALTING

Samlingsplan er eit godt verktøy for målretta arbeide innan forvaltning av samlingane. Mål i plan er oppnådd gjennom arbeide med omorganisering av magasinet, og i samband med dette, revisjon av tidlegare registreringar og nyregistrering/digitalisering og publisering, samt pakking av tekstilar. Ein er nær ved å avslutte registrering/digitalisering av samlingane i Ådnatun.

Vedtekstendringar som opnar for avhending er formelt godkjende og rutinar for avhending av gjenstandar er implementert dette året. Dette opnar for ei meir aktiv utvikling av samlingane og sikring av betre tilgjenge og oppbevaring for dei viktigaste gjenstandane.

### Immateriell kulturarv

Avdelinga legg vekt på koplinga mellom immateriell kulturarv og samlingane. Dette året har det vore gjort dokumentasjon av arbeide med brakekledning, åkletradisjonar i regionen, og drift på den siste pelsdyrfarmen i kommunen.

Gjennomføring av kurs har vore avgrensa p.g.a smitteverntiltak. Det har vore testa ut undervisinga via Teams, og det har vore fokus på sommarskuletilbod der ungdomar kunne fordjupe seg i ein teknikk, samt å utvikle undervisningstilbod innan tekstil for høgskule/universitetsnivå. Det er utvikla 2 ulike tilbod: workshop til Kunsthøgskulen og nytt studieprogram for Vestnorsk kulturakademi.



## FORSKING

**Prosjektet «Knutar på vandring»** held fram og skal avsluttast i 2025. Det er ein del av det internasjonale forskingssamarbeidet «*The Borgund Kaupang by Aalesund, Western Norway. Life and Death of a Small Town in the Periphery of Europe*» initiert av UiB og støtta av Norsk forskningsråd. Delprosjektet har som mål å rekonstruere eit arkeologisk tekstilfragment frå Borgund kaupangen.

Første del av prosjektet – produksjon av tråd – vart avslutta i haust og arbeidet med rekonstruksjon i veven starta opp i slutten av året. 10-12.november møttest deltakarane til felles konferanse i Bergen og på Osterøy museum.

Det er oppretta ei informasjonsside om prosjektet <https://www.uib.no/en/rg/borgund-kaupang> og formidla m.a. gjennom film. <https://www.youtube.com/watch?v=Megc-HWYZME>

## RÅDGJEVING I REGIONEN

Hovudaktiviteten til Kulturverntenesta i Nordhordland ligg innan feltet bygningsvern og speglar lokal aktivitet på dette feltet. Tenestene har også dette året vorte tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og nye Alver.

Det har vore dialogmøter med kommunane Alver, Fedje og Masfjorden. Kommunane har no vedtekne Kulturminneplanar som er eit godt og viktig verktøy for å planlegge samarbeide og prioritere oppgåver fordelt over heilt regionen. Dette året har det også vore ein dialog med Vaksdal kommune om evt samarbeide kring museumssamlingane på Straume. Dette blir truleg avklart i 2022.

**Museumstenesta:** Database- og registreringsprogrammet Primus er gjort tilgjengeleg for historielag i regionen og det har vore rettleiing knytt til registreringsarbeide og utstillingsarbeide på Postmuseet på Feste, Lindås.

**Bygningsvern:** Det har vore normal aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgjeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar, eller kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. Det har også dette året vore mest aktivitet i dei kommunane som har kulturminneplanar og aktive kulturleiarar. gg til dei ovanfor nemnde rådgjevingstenestane tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar Vestland fylkeskommune, men også andre fylke, og private, har nytta seg av denne tenesta.



*Det siste året har utfordra museumstilsette til rollar både framom og bak filmkameraet. Her frå opptak av film i samband med forskningsprosjektet.*